







BREMANGER KOMMUNE			MØTEBOK		
KONTROLLUTVALET I BREMANGER KOMMUNE					
Møtestad:	Kommunestyresalen	Møtedato:	29.05.2012	Frå kl. :	09:00
				Til kl. :	13:00
Faste medlemmer i Kontrollutvalet :		Møtte:	Forfall:	Merknader :	
1. Harry Gulestøl, Skulevegen 9, 6723 Svelgen(Leiar)		X		Gjekk frå i sak 14-15/12.	
3. Leni Lisæter, 6729 Kalvåg			X		
3. Leo Cirotzki, Lia 13, 6723 Svelgen. (Nestleiar)		X			
4. Inger Rise Hallset, Rise, 6723 Svelgen		X			
5. Rune Nordbotten, 6723 Svelgen.		X			
Personlege varamedlemmer :		Møtte:			
1. Joar Arøen, Krovegen 30, 6723 Svelgen			X		
2. Are Kjelkenes, Kjelkenes, 6723 Svelgen.		X			
3. Anne Sotie Hauge Igland, 6727 Bremanger.					
4. Gjert Kåre Solheim, 6723 Svelgen.					
5. Sigrid Solheim, Kjelkenes, 6723 Svelgen					
Ordføraren har møte og talerett i utvalet:					
Ordførar og rådmann får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møte.					
Andre som møtte :					
SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit. KRYSS-revisjon v/Terje Førde og Trine Vokuhl. Rådmann Tom Joensen sak 13/12 og 18/12. Ordførar Nina Grotle. Kommunalsjef Randi Ytrehus sak 18/12.					
Saker som vart handsama / drøfta i møtet :					
SAKLISTA I MØTET :					
Sak 011/12 Godkjenning av innkalling og sakliste. Sak 012/12 Skriv og meldingar. Sak 013/12 Årsrekneskapen 2011 – Bremanger kommune. Sak 014/12 Årsrekneskapen 2011 – Frøysjøterminalen KF Sak 015/12 Årsrekneskapen 2011 – Bremanger Hamn og næring KF. Sak 016/12 Årsrekneskapen 2011 – Svelgen Idrettshus. Sak 017/12 Årsrekneskapen 2011 – Bremangerhallen. Sak 018/12 Orientering pleie- og omsorgstenesta. Sak 019/12 Oppfølgingsliste 2-2012 – merknader – Bremanger.					
UNDERSKRIFTER:					
 Harry Gulestøl(leiar)		 Leo Cirotzki (nestleiar)		 Are Kjelkenes	
 Inger Rise Hallset		 Rune Nordbotten		 Asgeir Tveit (sekretær)	

011/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 18.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.05.2012	011/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Leiar er inhabil i sak 14-15/12.
- Sak 18/12 vert flytta først på lista.
- Under skriv og meldingar vert det teke opp at ein kalla inn 1. varamedlem fast.
- Innkalling og sakliste er godkjent med endringane over.

012/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.05.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.05.2012	012/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 11-12 Brev m/vedlegg frå Bremanger kommune til kontrollutvalet om Rapport frå tilsyn, datert 21.03.12 **Ikkje offentleg.**
- SM 12-12 Brev frå KRYSS-revisjon til kontrollutvalet om krav om innsyn og oversending av dokument, datert 07.03.12. **Ikkje offentleg.**
- SM 13-12 Brev frå kontrollutvalet til KRYSS-revisjon om krav om innsyn i og oversending av saksdokument – sakene 08/12 27.02.2012 og 10/12 01.03.12, datert 12.03.12. **Ikkje offentleg.**
- SM 14-12 Kopi av brev frå KRYSS revisjon til Bremanger kommune om krav om innsyn i k-sak 020/12, datert 19.03.12
- SM 15-12 Kopi av brev frå Bremanger kommune til KRYSS revisjon om krav om innsyn i K-sak 020/12, datert 19.03.12. (Vedlegg ikkje vedlagt).
- SM 16-12 Kopi av brev frå KRYSS revisjon til Bremanger kommune om revisor sitt virke overfor Bremanger kommune, datert 19.03.12.
- SM 17-12 E-post frå Firdaposten til Sekom sekretariat om innsyn i dokument i kontrollutvalet i Bremanger, datert 30.03.12.
- SM 18-12 Brev frå Sekom sekretariat til KRYSS revisjon om krav om innsyn i dokument, datert 30.03.12.
- SM 19-12 Brev frå KRYSS revisjon til Sekom sekretariat om krav om innsyn i dokument, datert 23.04.12.
- SM 20-12 Revisjonsuttale – Rapportering middelbruk tilskotsmidlar rusarbeid, datert 28.03.12.
- SM 21-12 Kontrollrapport 2011 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Bremanger.
- SM 22-12 Rapportering tal på personar med psykisk utviklingshemming i Bremanger kommune, datert 10.04.2012.
- SM 23-12 Revisjonsuttale – Rapportering middelbruk tilskotsmidlar rusarbeid, datert 28.03.12.
- SM 24-12 Vedtak kst sak 017/12 Kontrollutvalet – årsmelding 2011.
- SM 25/12 Vedtak kst sak 014/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- SM 26-12 Vedtak kst sak 020/12 Saker som kjem til i møtet.
- SM 27-12 Vedtak kst sak 022/12 Eigenvurdering av uavhengigheit – oppdragsansvarleg revisor.
- SM 28-12 Revisjonsmelding Bremanger kyrkjelege fellesråd 2011, datert 14.05.12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Vedr SM 28-12: For framtida be om å få årsmeldinga frå Kyrkjeleg Fellesråd.
- Resterande skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

013/12 ÅRSREKNESKAPEN 2011 - BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat
Dato: 18.05.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.05.2012	013/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- fråsegn frå kontrollutvalet i Bremanger kommune, datert 29.05.2012.
- Rekneskap 2011. (Sendt frå kommunen).
- Årsmelding 2011. (Sendt frå kommunen).

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Bremanger kommune, datert 29.05.2012.

Are Kjelkenes la fram følgjande forslag til uttale:

Lik utkastet til sekretariatet med tillegg av følgjande vedrørande balansen: "All gjeld skal presenterast i balansen".

Det vart stemt over sekretariatet sitt framlegg til fråsegn og framlegget til Are Kjelkenes:

Sekretariatet sitt framlegg fekk 4 stemmer. Are Kjelkenes sitt framlegg fekk ei stemme.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Bremanger kommune, datert 29.05.2012.

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2011 - BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2011 for Bremanger kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ein uttale til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Til
Kommunestyret i Bremanger

Svelgen 29.05.2012

FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2011 FOR BREMANGER KOMMUNE

Årsrekneskapen 2011 for Bremanger kommune er handsama i kontrollutvalet i Bremanger 29.05.2012.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

Årsrekneskapen 2011.

Årsmeldinga 2011.

Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 13.04.2012.

Årsrekneskapen er levert av administrasjonssjef. Rekneskapen viser eit brutto driftsresultat (overskot) på kr. 37,921 millionar og eit netto driftsresultat (overskot) på kr. 2,164 millionar. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp i balanse.

Det er kommunestyret sitt ansvar å disponere resultatet i samsvar med regelverket.

Driftsbudsjettet på inntektssida var kr. 329,4 millionar. Rekneskapen viser kr. 344,9 millionar. Avviket er hovudsakleg på posten "Overføringar med krav til motyting" der bl. a. refusjonar frå NAV ligg. Elles er det små avvik i høve til budsjett på inntektssida.

Driftsbudsjettet på kostnadssida var kr. 287,4 millionar. Rekneskapen viser kr. 307,0 millionar. Fleire av postane har avvik i høve til budsjett.

Brutto driftsresultatet er kr. 4,1 millionar dårlegare enn budsjettert.

Resultat for eksterne finanstransaksjonar er kr. -60,0 millionar (underskot) mot budsjettert kr. -30,1 millionar. Det går fram av driftsrekneskapen at det er bokført tap på finansielle instrument med kr. 30.5 millionar. Posten er budsjettert med kr. 0,-. Det vert vist til revisor si presisering i revisjonsmeldinga om tilhøvet og til omtale i årsmeldinga side 2, 6 og 18.

Kontrollutvalet viser til side 1 i dokumentet "Rekneskap 2011" som syner budsjett og resultat til einingane og til side 7 – 13 i årsmeldinga der avvika vert kommenterte. Kontrollutvalet merkar seg overskridinga på "Teknisk". Samla har einingane eit mindreforbruk på kr. 347,995,- i høve til budsjett.

Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit udekka beløp på kr. 9,9 millionar. Av balansen går det fram at akkumulert udekka beløp i investeringsrekneskapen utgjer kr. 12,1 millionar. Det vert vist til

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

rådmannen si omtale av investeringsrekneskapen i årsmelding side 20. Det vert også vist til revisor si presisering i revisjonsmeldinga om tilhøvet.

Arbeidskapitalen til Bremanger kommune er negativ, jfr. note 1 i rekneskapen. Det vert vist til rådmannen sin kommentar om likviditetssituasjonen på side 2 i årsmeldinga. Rådmannen skriv at kommunen har god tilgang på likvide midlar.

Balanseoversikta viser at den samla gjelda til kommunen har auka og at kommunen har negativ eigenkapital. Gjeldsgrada har auka frå 112,8% i 2010 til 119,1% i 2011.

Kontrollutvalet påpeikar at derivatavtalane burde vore tekne inn i balansen.

Revisor har i presisering påpeika at fordringsmassen til kommunen bør vurderast i 2012, og viser til balanseverdiane under kortsiktige fordringar.

Regelverket for kommunane si finansforvaltning er endra gjennom ny forskrift og nytt finansreglement i 2010. Kommunen si finansforvaltning er omtalt i årsmeldinga punkt 5. side 16.

Kontrollutvalet viser utover dette til årsrekneskapen og årsmeldinga frå administrasjonen.

Kontrollutvalet viser også til revisjonsmeldinga. Revisor har fire presiseringar.

Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen 2011, med presiseringane til revisor, bør godkjennast slik han ligg føre.



Harry Gjestøl
-leiar-



Leo Cirotzki



Are Kjelkenes



Inger Rise Hallset



Rune Nordbotten

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

014/12 ÅRSREKNESKAPEN 2011 - FRØYSJØTERMINALEN KF

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 20.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	29.05.2012	014/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon, datert 11.04.2012.
- Årsrekneskapen 2011 m/årsmelding og nota.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 11.04.2012.
- Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen 2011 for Frøysjøterminalen KF kan godkjennast slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN KOMMUNESTYRET:

- Det vert vist til revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 11.04.2012.
- Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen 2011 for Frøysjøterminalen KF kan godkjennast slik han ligg føre.

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2011 - FRØYSJØTERMINALEN KF

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og handsaming av årsrekneskapen 2011 for Frøysjøterminalen KF.

Saksopplysningar:

Årsrekneskapen er lagt fram av Styret for Frøysjøterminalen den 10.02.2012. Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon er datert 11.04.2012. Rekneskapen viser eit driftsresultat på kr. 643.313,85 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 446.042,85. Mindreforbruket er tilført eigenkapitalen pr. 31.12.2011.

I revisjonsmeldinga kjem det til uttrykk at rekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter, og at rekneskapen gjev eit korrekt uttrykk for føretaket si økonomiske stilling pr. 31.12.2011.

Sekretariat gjer merksam på at i alle rekneskapssaker er det formannskapet som gjer innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gi nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei vil gi nærare informasjon om deira kontrollhandlingar, som er utførte i samband med revisjonen av årsrekneskapen. Dei er og budde på å svare på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om

Sekretariatet sine vurderingar:

Revisor har ikkje presiseringar eller atterhald til rekneskapen i revisjonsmeldinga. Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre.

015/12 ÅRSREKNESKAPEN 2011 FOR BREMANGER HAMN OG NÆRING KF

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat
Dato: 20.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	29.05.2012	015/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Revisjonsmelding 2011 frå Kryss-revisjon, datert 11.04.12.
- Årsrekneskap med årsmelding datert 06.02.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Hamnelova
- Forskrift om kontrollutval.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon, datert 11.04.12.
- Kontrollutvalet har ikkje merknader til at årsrekneskapen 2011 for Bremanger Hamn og Næring vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

- Det vert vist til revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon, datert 11.04.12.
- Kontrollutvalet har ikkje merknader til at årsrekneskapen 2011 for Bremanger Hamn og Næring vert godkjent slik han ligg føre.

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2011 FOR BREMANGER HAMN OG NÆRING KF

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og handsaming av årsrekneskapen 2011 for Bremanger Hamn og Næring KF.

Saksopplysningar:

Årsrekneskapen er lagt fram av styret for Bremanger Hamn og Næring den 06.02.2012.

Revisjonsmeldinga er datert 11.04.2012. Rekneskapen viser eit brutto driftsresultat (underskot) på kr. 537.802,34 og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr.57.924,11.

I årsmeldinga går det fram at det er eit driftsunderskot i næringsavdelinga på kr. 392.093,37 og eit driftsoverskot på hamn på kr. 334.169,26

Det er kommunestyre sitt ansvar å disponere resultatet og å gjere dette i samsvar med regelverket. Resultatet for hamnedelen må også disponerast i samsvar med lov om hamner og farvatn (hamnelova).

I revisjonsmeldinga kjem det til uttrykk at årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit korrekt uttrykk for føretaket si økonomiske stilling pr. 31. desember 2011 og for resultatet i rekneskapsåret, som er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

Revisor har ingen presiseringar eller atterhald i revisjonsmeldinga.

Sekretariatet gjer merksam på at i alle rekneskapssaker er det formannskapet som gjer innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmeldinga føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale. Som nemnt må den delen av resultatet som gjeld hamn forutan å bli disponert i samsvar med dei kommunale rekneskapsforskriftene også disponerast i samsvar med lov om hamner og farvatn.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gi nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei vil gi nærare informasjon om deira kontrollhandlingar, som er utførte i samband med revisjonen av årsrekneskapen. Dei er og budde på å svare på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre.

016/12 REKNESKAPEN 2011 – SVELGEN IDRETTSHUS

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 20.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	29.05.2012	016/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 04.05.2012.
- Årsrekneskapen 2011.
- Årsrapport 2011 datert 25.04.2012

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til revisjonsuttalen frå KRYSS-revisjon datert 04.05.2012.
- Kontrollutvalet har ikkje merknader til at årsrekneskapen 2011 for Svelgen Idrettshus vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

- Det vert vist til revisjonsuttalen frå KRYSS-revisjon datert 04.05.2012.
- Kontrollutvalet har ikkje merknader til at årsrekneskapen 2011 for Svelgen Idrettshus vert godkjent slik han ligg føre.

Saksutgreiing

REKNESKAPEN 2011 – SVELGEN IDRETTSHUS

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og handsaming av årsrekneskapen 2011 for Svelgen Idrettshus.

Saksopplysningar:

Resultatrekneskapen 2010 for Svelgen Idrettshus er lagt fram for revisjonen. Vedlagt rekneskapen er det også ein fyldig årsrapport. Revisjonsuttalen er datert 04.05.2012. Rekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr. 40.161,69.

Revisor uttrykkjer at rekneskapen er ført i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk, og at han gjev eit korrekt uttrykk for føretaket si økonomiske stilling pr. 31.12.2011.

I alle rekneskapssaker er det formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsuttalen føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

Av driftsavtale mellom Bremanger kommune og driftsstyret for Svelgen Idrettshus, går det fram at Bremanger kommune skal godkjenne budsjettet og at det kvart kalenderår skal leggest fram revidert rekneskap for drifta. Her går det også fram at eit eventuelt driftsunderskot skal dekkast av Bremanger kommune, medan driftsoverskot skal kunne disponerast av driftsstyret. På bakgrunn av denne avtalen står overskotet til disposisjon for driftsstyret.

Administrasjonen v/rådmann er innkalla til møtet og er budde på å gi nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei vil gi nærare informasjon om deira kontrollhandlingar, som er utført i samband med revisjonen av årsrekneskapen. Dei er og budde på å svare på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om

Sekretariatet sine vurderingar:

Revisor har ikkje merknader til rekneskapen. Sekretariatet vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen til Svelgen Idrettshus kan godkjennast slik han ligg føre.

017/12 REKNESKAPEN 2011 – BREMANGERHALLEN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 20.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	29.05.2012	017/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 04.05.2012.
- Årsrekneskapen 2011.
- Årsmelding 2011 datert 20.02.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til revisjonsuttalen frå KRYSS-revisjon datert 04.05.2012.
- Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen 2011 for Bremangerhallen kan godkjennast slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

- Det vert vist til revisjonsuttalen frå KRYSS-revisjon datert 04.05.2012.
- Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen 2011 for Bremangerhallen kan godkjennast slik han ligg føre.

Saksutgreiing

REKNESKAPEN 2011 – BREMANGERHALLEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og handsaming av årsrekneskapen 2011 for Bremangerhallen.

Saksopplysningar:

Resultatrekneskapen 2011 og årsmelding for Bremangerhallen er lagt fram for revisjonen. Revisjonsuttalen er datert 04.05.2012. Rekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr. 10.559,05.

Revisor uttrykkjer at rekneskapen er ført i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk, og at han gjev eit korrekt uttrykk for føretaket si økonomiske stilling pr. 31.12.2011.

I alle rekneskapssaker er det formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsuttalen føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

Av driftsavtale mellom Bremanger kommune og driftsstyret for Bremangerhallen, går det fram at Bremanger kommune skal godkjenne budsjettet, og at det kvart kalenderår skal leggjast fram revidert rekneskap for drifta. Her går det også fram at eit eventuelt driftsunderskot skal dekkast av Bremanger kommune, medan driftsoverskot skal kunne disponerast av driftsstyret. På bakgrunn av denne avtalen skal overskotet disponerast av driftsstyret for Bremangerhallen..

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gi nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei vil gi nærare informasjon om deira kontrollhandlingar, som er utført i samband med revisjonen av årsrekneskapen. Dei er og budde på å svare på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om

Sekretariatet sine vurderingar:

Revisor har ikkje presiseringar eller atterhald til rekneskapen i revisjonsuttalen.

Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen til Bremangerhallen for 2011 kan godkjennast slik han ligg føre.

018/12 ORIENTERING – PLEIE- OG OMSORG

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 20.05.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.05.2012	18/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Bremanger kommune om orientering om teknisk sektor, datert 05.03.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 005/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak.
- Kontrollutvalsak 009/12 Orientering om pleie- og omsorgsektoren/v rådmannen.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa frå administrasjonen om teneste for pleie- og omsorg vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Orienteringa frå administrasjonen om teneste for pleie- og omsorg vert teken til vitande.

Saksutgreiing

ORIENTERING – PLEIE- OG OMSORG

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Administrasjonen orienterer om tenesta for pleie- og omsorg.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 05/09 "Kontrollutvalsarbeid – tiltak" 18.03.2009 vart det bl.a. gjort vedtak om å innføre ordning med å kalle inn rådmannen for å få orientering om drifta på dei ulike områda i kommunen.

I kontrollutvalssak 09/12 "Orientering om Pleie- og omsorgssektoren v/rådmannen" 27.02.12 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak: *"Kontrollutvalet kallar rådmannen inn til møte i kontrollutvalet for å orientere om Pleie- og omsorgstenesta."*

Administrasjonen i Bremanger kommune er pr. brev 05.03.12 varsla om at ein vil bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet, og at ein førebur ei kort orientering om pleie- og omsorgstenesta der aktuelle tema for orienteringa til dømes kan vere oppgåvene til tenesta, regelverk og retningsliner tenesta skal følgje, vedtak ein må etterleve, resultat i høve til mål for tenesta og særskilte utfordringar tenesta står overfor internt og eksternt.

019/12 OPPFØLGINGSLISTE 2-2012 OG MERKNADER - BREMANGER

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 21.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	29.05.2012	019/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2012 Bremanger.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingslista 2-2012 Bremanger vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingslista 2-2012 Bremanger vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2012 BREMANGER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 29.05 2012

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 2-2012 - Bremanger.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Bremanger kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
05/09 Kontrollutvals-arbeid tiltak	18.03.09		18.03.09 Vedtak KU – tiltak gjennomførast. 18.03.09: Brev til adm om tiltak ku-arbeid. -Orientering frå adm -Tertialrapportar -Tilsynsrapportar
25/11 Forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.	14.11.11		14.11.11: Tilråding til kst. 14.11.11 s/kst. 19.01.12 Vedtak kst sak 010/12
26/11 Overordna analyse	14.11.11		14.11.11 Vedtak KU – Tinge hjå KRYSS 07.02.12 Brev frå KRYSS til Bremanger k
036/11 Reglement for kontrollutvalet.	09.12.11		09.12.11 Tilråding til kst. 14.12.11 s/Bremanger kommune. 19.01.12 Vedtak kst sak 009/12.
001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	27.02.12		27.02.12 Vedtak KU – Ikkje merknader
002/12 Skriv og meldingar.	27.02.12		27.02.12 Vedtak KU – - Vedrørande SM 03-12: Kontrollutvalet ber om å få tilsvaret frå kommunen. Kontrollutvalet vil oppmode om at ein set i verk tiltak snarast uavhengig av frist frå Fylkesmannen. - Resterande skriv og meldingar vert tekne til vitande. 05.03.12 Brev til Bremanger kommune. 29.05.12 Svar vedlagt KU sak 012/12 SM 11-12. 29.05.12 Lat sak om SM 03-12 stå.
003/12 Innkjøpsrutinar – orientering v rådmannen	27.02.12		27.02.12: Vedtak KU: 1. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt dei system og rutinar som vert sett i verk av Bremanger kommune vedrørande innkjøpsordningar. 2. Elles blir orienteringa frå rådmannen teken til vitande. 05.03.12 Brev til Bremanger kommune.
004/12 Betalingsrutinar for innkomne fakturaer – orientering v rådmannen.	27.02.12		27.02.12: Vedtak KU – Teke til vitande.
005/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet	27.02.12		27.02.12 Tilråding til kst. 05.03.12 s. Bremanger kommune. 15.03.12 Vedtak kst sak 17/12
006/12 Møteplan 2012 for kontrollutvalet.	27.02.12		27.02.12 Vedtak KU – Planen vert godkjent med dei endringar som vart gjort i møtet.
007/12 Oppfølgingsliste 1 – 2012 – merknader – Bremanger kommune	27.02.12		27.02.12: Vedtak KU – 1. Kontrollutvalet set opp sak om å kalle inn rådmannen for å orientere om teneste for Pleie og omsorg. 2 Vedrørande val av forvaltningsrevisjon, så blir val av revisjonsprosjekt utsett til kommunestyret har vedteke Plan for forvaltningsrevisjon.

008/12 Oppdragsansvarleg revisor si eigenvurdering av uavhengigheit	27.02.12		27.02.12 Vedtak KU. - uts
009/12 Orientering om pleie og omsorg	27.02.12		27.02.12 -Kontrollutvalet kallar rådmannen inn til møte i kontrollutvalet for å orientere om Pleie- og omsorgstenesta. 05.03.12 Brev til Bremanger kommune.
010/12 Oppdragsansvarleg revisor si eigenvurdering av uavhengigheit	01.03.12		27.02.12 Vedtak KU – Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Bremanger kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 07.02.2012 til vitande. Dokumentet "Vurdering av uavhengigheit Bremanger kommune, av 7. 02. 2012, frå oppdragsansvarleg revisor vert sendt til kommunestyret til orientering. 01.03.12 s. Bremanger kommune 15.03.12 Vedtak kst sak 14 og 20/12. 27.03.12 Vedtak kst sak 22/12
011/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	29.05.12		
012/12 Skriv og meldingar	29.05.12		
013/12 Årsrekneskapen 2011 – Bremanger kommune.	29.05.12		
014/12 Årsrekneskapen 2011 – Frøysjøterminalen KF.	29.05.12		
015/12 Årsrekneskapen 2011 Bremanger Hamn og Næring KF.	29.05.12		
016/12 Årsrekneskapen 2011 – Svelgen Idrettshus.	29.05.12		
017/12 Årsrekneskapen 2011 Bremangerhallen	29.05.12		
018/12 Orientering peleie- og omsorgstenesta.	29.05.12		
019/12 Oppfølgingsliste 2 – 2012.	29.05.12		

Oppdatert 21.05.12.